

Fylkesmannen Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13267 - 20/81173

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
21.12.2020

Oversender vedtak om avvist søknad for utbetring av veg til endeleg klagebehandling - gbnr 141/7 Kvamme

Tiltak: vegutbedring
Byggjestad: Gbnr: 141/1
Tiltakshavar: Helge Haugland
Ansvarleg søkjar: Jens H N Bjordal

Saka gjeld klage på avvissingsvedtak av 10.09.2020. Klagen er fremma frå ansvarleg søkjar i skriv, datert 21.09.2020, med supplerande skriv av 15.09.2020 og 24.10.2020.

Avvisningvedtaket av 10.09.2020 gjeld søknad om utbetring av tilkomstveg til gbnr 141/7. Tiltaket omfattar etablering av støttemur som skal plasserast på eigedomen gbnr 141/63. Sjølve vegen ligg på eigedomen gbnr 141/2.

Planstatus

Tiltaket ligg innanfor område som er omfatta av reguleringsplanen for Kvamsvågen der arealet er avsett til veg 8, parkering P7 og friområde FR4.

I samsvar med føresegn 4.5 i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen gjeld reguleringsplanen med supplerings/ending av kommunedelplanen sine føresegner der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet. Av kommunedelplanen går det fram at tiltaket ligg innanfor faresone H310 ras- og skredfare og sone for bevaring av kulturmiljø H570_1 som er den indre farleia.

Bakgrunn

Kommunen avviste søknaden i administrativt vedtak datert 10.09.2020 på grunn av manglar.

Vedtaket har følgjande ordlyd:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om utbetring av veg avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.»

Manglane gjaldt følgjande forhold:

1. Tiltaket som skal etablerast er i strid med arealføremålet frømråde og plan- og bygningslova § 1-8 som gjeld byggjeforbodet langs sjø. Det må søkjast om dispensasjon.
2. Situasjonsplanen er ikkje målsatt.
3. Muren må ikkje koma i konflikt med arealet som er sett av til parkering. Det må gå tydeleg fram av situasjonsplan og teikningar at arealet framleis kan nyttast til føremålet.
4. Søknaden er send inn før nabofristen er gått ut. Det må gjerast greie for om det ligg føre merknadar frå nabo.
5. Eigar av gbnr 141/22 og 141/30 burde også varslast.
6. Faresona for ras- og skredfare markerer faresona både for potensielt utløysingsområde og utløpsområde. For omsøkte tiltak skal det liggja føre geologisk vurdering av risiko for ras. Dersom det vert avdekket risiko/fare, må tilstrekkeleg tryggleik mot ras vera gjennomført eller dokumentert før det kan gjevast løyve til tiltak.

Klagar kommenterte avvisinga i skriv, datert 15.09.2020

Ansvarleg søkjar Jens Bjordal har i skriv datert 15.09.2020 kome merknader til avvisingsvedtaket. Søkjar tek opp følgjande forhold:

1. Då tiltaket ligg innanfor godkjend reguleringsplan, gjeld reguleringsplanen framføre pbl § 1-8. Tiltaket gjeld utbetring av veg 8 og krev ikkje dispensasjon frå plan (vi forstår det til å vera arealføremålet). Tiltaket endrar ikkje planen.
2. Teikninga er tilstrekkeleg målsett.
3. Muren kjem ikkje i konflikt med regulert parkeringsplass P7. Det er viktig for å kunne byggja parkeringsplassen at vegen er stabil. Omsøkt tiltak vil gjera vegen stabil.
4. Det står ikkje noko i lovverket om at ein søknad ikkje kan sendast inn før nabofristen er omme. Saka vart mottatt av Alver kommune 08.07.2020 og behandla 20.09.2020, dvs 2 månader etter mottatt søknad. Fristen for nabomerknader skal såleis vera oppnådd. Dersom det hadde kome nabomerknader hadde søkjar sjølv sagt plikt til å opplysa om det.
5. Naboane er varsla etter liste frå Alver kommune. Der var ikkje bnr. 22 og 30 med. Bnr 22 er ikkje nabo då bnr 2 ligg mellom bnr 22 og bnr 63 som tiltaket ligg på. Bnr 30 som er naust var ikkje på lista. Tiltaket har heller ikkje verknad for nausteigedomen.
6. Det skal ikkje verken sprengast eller gravast for utføring av tiltaket. Ras vil derfor ikkje kunne oppstå. Det einaste som kan rasa, er vegmuren som tiltaket skal reparera. Dersom reparasjon ikkje vert gjort vil vegen rasa ut og vera til fare for området nedanfor. Søkjar vurderer derfor at det ikkje er nokon grunn for å utføra geologiske undersøkingar for å reparera ein gamal vegmur. Kravet er urimeleg i høve til tiltaket sin storleik og mogleg risiko.

I tillegg skriv søkjar at søknaden er send inn som eitt-trinns søknad der fristen er 3 veker, og at søknaden er godkjend dersom svar ikkje er gitt innan fristen.

Alver kommune svarte på kommentarane i vårt skriv av 15.10.2020

«Merknad til kulepunkt 1 om at tiltaket er i strid med arealføremålet i reguleringsplan og plan- og bygningslova § 1-8:

Søklar skriv:

Tiltaket ligg i område med godkjend reguleringsplan. Då gjeld reguleringsplanen framføre Pbl.prg. 1-8 som gjeld forbod mot bygging i strandområder. Dersom det er naudsynt med dispensasjonar her. er det i tilfelle frå gjeldande plan og ikkje frå prg. 1-8 i Pbl. Sidan tiltaket gjeld utbetring av privat veg, regulert som veg nr. 8, er tiltaket ikkje nokon dispensasjon frå plan. Tiltaket endrar ikkje planen.

Vår kommentar:

I pbl § 1-8 er det eit generelt byggeforbod i 100-metersbeltet langs sjø. Etter tredje ledd gjeld ikkje forbodet dersom det er fastsett anna byggegrense i kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan.

Verken gjeldande reguleringsplan eller kommunedelplan har fastsett byggegrense mot sjø for området der støttemuren skal førast opp. Det vil seia at det er pbl § 1-8 som gjeld, jf. kommunal- og moderniseringsdepartementet sin tolkingsuttale datert 08.03.2017.

Det går fram av kartet at muren skal plasserast på gbnr 141/63 som er avsett til friområde FR4 tiltaket er i strid med arealføremålet.

Før kommunen kan ta søknaden til behandling må det søkjast om dispensasjon frå arealføremålet og pbl § 1-8..

Merknad til kulepunkt 2 om at situasjonsplanen ikkje er målsatt:

Søklar skriv:

Teikninga er målsett. Situasjonsplanen er ein illustrasjonsplan som syner plasseringa. Ved bruk av linjal er det ikkje vanskeleg å overføra måla frå teikninga til kartet dersom det er naudsynt.

Vår kommentar:

Situasjonsplanen skal vera målsatt med ytre hovudmål, avstand til nabogrense m.m. Kommunen legg til grunn at heile muren skal plasserast på gbnr 141/63. Situasjonsplanen bør målsetjast og det må tydeleg gå fram kva eigedom muren ligg på og kva avstand muren har til nabogrense.

Merknadar til kulepunkt 3 om forholdet til parkeringsplass P7:

Søklar skriv:

Muren kjem ikkje i konflikt med regulert parkeringsplass nr. P7. Det er og viktig for å kunne byggje parkeringsplassen at vegen er stabil. Omsøkt tiltak vil gjera den regulert vegen V8 stabil og ikkje på nokon måte øydeleggja for parkeringsplassen. Tvert imot vil tiltaket vera til beste for parkeringsplassen.

Vår kommentar:

Støttemuren bør teiknast inn på reguleringskartet slik at det tydeleg går fram at tiltaket ikkje kjem i konflikt med tilkomst til parkeringsplassen, eller opparbeiding av denne.

Merknad til kulepunkt 4 om eventuelle nabomerknadar:

Søklar skriv:

Det står ikkje noko om, korkje i lov eller føresegner, at ein søknad ikkje kan sendast inn før nabofristen er omme. Det som står er at saka ikkje skal handsamast før fristen er omme slik at mogelege merknader frå naboane kan vurderast av sakshandsamar før vedtak vert gjort..

Nabofristen er 14 dagar. Saka var mottaken av Alver kommune 08.07.20 og handsama 10.09.20 dvs. 2 mnd. etter mottaket. Fristen for nabomerknader skulle såleis vera oppnådd. Dersom det hadde kome merknader er det sjølvsgd ansvarleg søkjar sin plikt å opplysa om det. Sidan det ikkje kom inn merknader var det ikkje naudsynt med slike opplysningar.

Vår kommentar:

Ved innsending av søknad om løyve til tiltak skal dokumentasjon på at naboar er varsla leggst ved søknaden, og eventuelle merknadar frå naboar og gjenbuarar leggst ved, jf. pbl § 21-2. Kommunen legg på bakgrunn av søkjar sine merknader til grunn at det ikkje ligg føre nabomerknader.

Merknad til kulepunkt 5 som gjeld utvida nabovarsel:

Søkjar skriv:

Nabovarsling av bnr. 22 og 30. Naboane er varsla basert på nabooppgåver gitt av Alver kommune. Der var ikkje bnr. 22 og bnr. 30 med. Bnr. 22 er ikkje med då eigedomen ikkje er nabo. Bnr. 2 ligg mellom bnr. 22 og bnr. 63 som tiltaket ligg på. Bnr. 30 ,som er naust ,vart ikkje nabovarsla då desse ikkje var oppgitt i nabooppgåva frå Alver kommune. Tiltaket har heller ingen innverknad på desse nausta.

Vår kommentar:

Det går fram av lova at naboar og gjenbuarar skal varslast. Det er ansvarleg søkjar sitt ansvar at tiltaket er tilstrekkeleg varsla. Kommunen legg søkjar sine merknader til grunn og vurderer at bnr 22 og 30 ikkje vert råka av tiltaket og at ytterlegare varsling ikkje er nødvendig.

Merknadar til kulepunkt 6 om geologisk vurdering i forhold til ras- og skred:

Søkjar skriv:

Det skal korkje sprengjast eller gravast for utføring av tiltaket. Grunnen kan derfor ikkje skiplast slik at ras oppstår. Det einaste som kan rase her, er den vegmuren som tiltaket skal reparere. Dersom reparasjonen ikkje blir gjort, vil vegen rase ut og dermed vera ein helsemessig risiko for nedanforliggjande område medrekna den kommunale gå vegen som går over bnr. 63 og fram til friområdet i Kvamsvågen. Ein ser derfor ingen grunn at det skal utførast geologiske undersøkingar for å reparere ein gamal vegmur. Kravet er urimeleg i høve til tiltaket sin storleik og mogeleg risiko.

Vår kommentar:

Etter nærare avklaring med regional styresmakt vil støttemur ikkje vera omfatta av krava i § 7.3 i teknisk forskrift. Kravet til geologisk vurdering i forhold til faresone ras- og skredfare vil gå ut for dette tiltaket.

Om tidfristar

Saka er send inn som eitt-trinnsøknad, men er ikkje i samsvar med plangrunnlaget. Det føl av plan- og bygningslova § 21-7, fjerde ledd, at søknaden ikkje stettar krava til søknader med saksbehandlingsfrist på 3 veker.

«Søknad om tillatelse til tiltak etter § 20-2 som krever dispensasjon fra plan eller planbestemmelser, skal avgjøres av kommunen innen 12 uker. Fristen løper ikke i den tiden søknaden ligger til uttalelse hos regionale og statlige myndigheter, jf. § 19-1»

Kommunen beklagar at det er gitt sein tilbakemelding i saka, men søknaden er behandla innanfor fristen i lovverket. Det er ikkje grunnlag for tilbakebetaling av gebyr slik det går fram av saksforskrifta § 7-6.

Konklusjon

Det er kommunen si vurdering av omsøkte tiltak er nødvendig og at det vil kunne gjevast dispensasjon frå både arealføremål og pbl § 1-8 for tiltaket, men kommunen kan ikkje ta saka til behandling før det er søkt om dispensasjon, ligg føre oppdatert situasjonsplan.

Det er klaga på vedtaket i skriv datert 21.09.2020. Kommunen ber om tilbakemelding på om søknaden vil bli supplert med tilleggsdokumentasjon som skildra over, eller om vi skal ta klagen til endeleg behandling, jf. klagen som er send inn. Frist vert sett til 01.11.2020.»

Klagar kjem med nye kommentarar i skriv, datert 24.10.2020

Merknad til kommunen si vurdering om at omsøkt tiltak er i strid med arealføremålet i reguleringsplanen og i strid med Plan-og bygningslova prg. 1-8.

«Tiltaket sitt omfang.

Tiltaket det er søkt om er utbetring av ein eksisterande støttemur til regulert veg nr. 8 i ein godkjend reguleringsplan. Tiltaket er såleis ein del av vegen og ikkje noko inngrep i anna arealbruk i området. Dispensasjon frå arealdelen i reguleringsplanen krevst då ikkje.

Vurdering etter Pbl. prg. 1-8.

Området som tiltaket ligg i, er regulert som Friluftsområde for Kvamsvågen. Sjå vedlagd reguleringskart med tilhøyrande føresegner. Reguleringsgrensa for planen går eit langt stykke ut i sjøen og ei stripe langs sjøen inn på land i ei breidde varierende frå 10 til 40m frå sjøen. Innafor dette området er det i reguleringsføresegnene detaljert skildra kva tiltak som kan oppførast og utviklast. Mellom anna veg nr. 8 som er tilkomstveg til gnr. 141 bnr. 7 og som omsøkt tiltak ligg på. Reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner opphevar byggjeforbodet i prg. 1-8i Plan-og bygningslova for det området som reguleringsplanen gjeld for dvs. for mellom anna det tiltaket det her er søkt om. Reguleringsplanen sine føresegner regulerer aktiviteten innafor planområdet. Kravet om dispensasjon etter PBL prg. 1-8 er det derfor ikkje grunnlag for å krevje.

Vedk. kravet om målsett situasjonskart. Dette har ein nå revidert og kartet er nå målsett.

Vedk. Parkeringsplass nr. 7 i reguleringsplanen. Denne parkeringsplassen vil ligge delvis der støttemuren skal utbetrast. Sjå revidert situasjonskart. Parkeringsplassen er nå teikna inn på situasjonskartet. Omsøkt utbetring av støttemur er ein føresetnad for at parkeringsplassen ein gong i framtida kan byggjast. Fundamentet for parkeringsplassen inntil vegen må vera solid. Dette vil omsøkt tiltak gi. Tiltaket er derfor ikkje i strid med reguleringsplan eller parkeringsplass, men er ein føresetnad for at parkeringsplassen kan byggjast.

Nabovarsling.

Når det gjeld nabovarsel vil ein berre opplyse om at naboane er varsla basert på nabooppgåve frå Alver kommune. Noko anna grunnlag har ikkje søkjar tilgang til. Søkjar må her stole på kommunen sine opplysningar.

Kritikk av at søknaden og kvittering av send nabovarsel kom for tidleg inn til kommunen grunna fristen for merknader til tiltaket ikkje var gått ut, er u rimleg sidan kommunen ikkje opna søknaden for handsaming før etter 2 mnd. etter innsendt søknad. Sidan det ikkje kom inn nokre merknader vart heller ikkje kommunen opplyst om det. Dersom det hadde kome merknader innan fristen, ville sjølvsgd kommunen fått melding om det og då i god tid før kommunen opnar søknaden for handsaming.

Skredfare

Merknad om skredfare er avklara og treng ikkje fleire merknader.

Merknad om tidsfristar.

Tidsfristane for handsaming er fastsett i Plan-og bygningslova.

Tiltaket vart sendt inn som eit eittrinns tiltak. Dvs. tiltaket skal stetta alle krav gitt i Plan-og bygningslova. Søkjar meinte og meiner framleis at alle relevante krav sett i Plan-og bygningslova var oppfylt i søknaden. Dersom tiltakshavar/ansvarleg søker ikkje får nokon tilbakemelding frå kommunen om at søknaden ikkje stetta kravet til eit eittrinns tiltak, er tiltakshavar/søkjar i god tru og kan etter lova gjennomføre tiltaket i samsvar med søknaden.

Grunna for sein sakshandsaming vil og krav om gebyr måtta bli redusert slik som påpeika i vårt brev frå oss 10.09.20. Sjå vedlegg.

Konklusjon:

Dersom kommunen nå gir igongsettingsløyve i samsvar med søknaden utan fleire atterhald/krav, vil tiltakshavar trekkje sin klage sendt 21.09.20. Kravet om nedsett gebyr vil vi framleis krevje. Dersom ikkje, ber ein om at klagen vert handsama i samsvar med gjeldande lov basert på innsendt klage datert 21.09.20 og med alle relevante vedlegg medrekna dette brevet.»

VURDERING:

Alver kommune har gjennomgått momenta i klagen.

Klagen av 21.09.2020 er grunngitt i at søknaden er sendt inn som eitt-trinnssøknad og løyve er rekna som gitt dersom kommunen ikkje har avgjort søknaden innan tidsfristen på 3 veker etter mottatt søknad. Kommunen gav ikkje svar på søknaden før 10.09.2020, som er 8 veker etter mottatt søknad. Då saksbehandlingsfristen er broten med 5 veker er søknaden godkjend og kan ikkje avvistast.

Kommunen svarte ansvarleg søker i brev datert 15.10.2020 og gav søker ny moglegheit til å senda inn supplerande dokumentasjon. Forhold knytt til nabovarsling og faresona for ras- og skredfare er gjennom dette brevet avklart.

Klagar kjem med nye kommentarar til kommunen i skriv, datert 24.10.2020. Revidert situasjonsplan er sendt inn, men nødvendig søknad om dispensasjon ligg framleis ikkje føre. Søknaden er ikkje komplett og søknaden kan på denne bakgrunn ikkje handsamast.

Det er kommunen sin vurdering at tiltaket er nødvendig då det er viktig å sikra tilkomstveg. Etter en førebels vurdering er kommunen positiv til å gje dispensasjon for tiltaket. Kommunen kan imidlertid ikkje handsame søknaden før den er supplert med naudsynt tilleggskomplett dokumentasjon, sjå vårt siste skriv av 15.10.2020. Når søknaden er komplett med tilleggskomplett dokumentasjon, kan den handsamast.

Alver kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak datert 10.09.2020.

Klagen tas ikkje til følgje og vedtak i sak 20/13267, datert 10.09.2020, vert sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Brev til Alver kommune vedk svar på avslag mur, klage på avvisingsvedtak
Brev til Alver kommune vedk svar på avslag mur.
Klage på avvisingsvedtak
Reguleringsføresegner side 1
Reguleringsføresegner side 2
Reguleringsføresegner side 3
Reguleringsføresegner side 4
Reguleringsføresegner side 5
Reguleringskart friluftsområde Kvamsvågen
Revidert situasjonskart M=1500
Side 1 Tilsvaret til Alver kommune på brev av 15.10.20
Side 2 Tilsvaret på brev frå Alverkommune av 15.10.20
Svar på brev om merknadar til avvist søknad - gbnr 141/7 og 141/63 Kvamme nedre
Klage på vedtak om avvising av søknad om utbetring av veg på gbnr 141/7 og 141/63 Kvamme nedre
E-post - Klage på avvisingsvedtak mur, underskreven - gbnr 141/7 Kvamme nedre
Svar vedkomande sikring av privat tilkomstveg til gbnr 1417
Brev til Alver kommune vedk svar på avslag mur.
faktura-50000708
Brev om avslag mur og svar vedkomande sikring av privat tilkomstveg til gbnr 141/7 Kvamme nedre
Svar vedkomande sikring av privat tilkomstveg til gbnr 1417
Brev til Alver kommune vedk svar på avslag mur
Søknaden om utbetring av veg vert avvist- gbnr 141/7 og 141/63 Kvamme nedre
Søknad om løyve til eitt-stegs søknadsbehandling - gbnr 141/7 Kvamme nedre
Opplysningar om tiltakets ytre rammer
Nabovarsel
Teikning
Erklæring om ansvarsrett og samsvarserklæring

Kopi til:

Helge Haugland	Kvamsvågen 18	5911	ALVERSUND
Helge Haugland	Kvamsvågen 18	5911	ALVERSUND
Jens H N Bjordal	Grønlandsvegen 11	5918	FREKHAUG
Jens H N Bjordal	Grønlandsvegen 11	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------	--------------	------	-----------